



Industriutvikling Vest AS
Hagellia 6

5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/268 - 16/32919

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
01.12.2016

Industriutvikling vest – driftsstøtte 2017 – 2021

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Industriutvikling Vest AS

Jorunn K Fosse, Jorunn Nøttveit Moen

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
140/16	Formannskapet	PS	24.11.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øystein Sørhaug	16/268

Industriutvikling vest – driftsstøtte 2017 – 2021

Vedlegg :

Søknad Lindås kommune ny inkubatorperiode 2017-2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Formannskapet vedtar å gi driftsstøtte til Industriutvikling Vest i perioden 2017 – 2021 med 150.000kr årleg, herunder totalt 750.000kr i denne perioden.
- Midlane blir henta frå næringsfondet

Formannskapet - 140/16

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

- Formannskapet vedtar å gi driftsstøtte til Industriutvikling Vest i perioden 2017 – 2021 med 150.000kr årleg, herunder totalt 750.000kr i denne perioden.
- Midlane blir henta frå næringsfondet

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i formannskapet

Industriutvikling Vest (IUV) har sidan 2011 drevet inkubatorverksemd i Nordhordland, som ein del av det nasjonale inkubatorprogrammet til SIVA. IUV har etablert seg i gründerfelleskapet «Dampen» i Knarvik. IUV er veletablert og godt kjend hos eigarar og samarbeidspartnarar.

Sjå elles vedlagt søknad.

IUV ønskjer no å utforme ein ny søknad til SIVA for ein ny inkubatorperiode for 2017 – 2021. Forslag til finansieringsramme er lagt ved i søknaden, men dei har eksplisitt søkt Lindås kommune om 500.000kr årleg i denne perioden. Med deltaking i inkubatorprogrammet vil det

følgja ressurser og kapital.

I perioden 2011-2016 har IUV motteke årleg 125.000kr i driftsstøtte frå Lindås kommune, totalt 625.000kr. I tillegg har IUV motteke småtilskot (under 50.000kr) til direkte prosjektrelaterte aktivitetar, som t.d. tilpassing og innflytting i gründerfelleskapet «Dampen» i tillegg til eit innovasjonskurs i samarbeid med Nordhordland Næringslag.

Vurdering:

IUV arbeidar både med forretningsutvikling i eksisterande verksemd men har og eit mottaksapparat for gründerrettleiing for heile regionen Nordhordland. IUV er eit av dei viktigaste redskapa og verktøya kommunen har i sitt arbeid med forretningsutvikling og gründerrettleiing.

Sidan 2011 har IUV bidrege til etablering av 15 nye selskap i Nordhordland, samt 37 nye arbeidsplassar.

Ambisjonane for den nye perioden (2017-2021) er omfattande, herunder har IUV målsettingar om 25 nye berekraftige etableringar, samt 75 nye arbeidsplassar – i tillegg til å sikre 50 noverande arbeidsplassar. Det er og Lindås kommune si vurdering at det fortsatt er eit uforløyst potensial i å få utvikla enno fleire nye verksemdar og arbeidsplassar.

Iht reglar for bagatellmessig stønad kan det bli gitt stønad inntil 200.000 euro fordelt over tre regnskapsår. Ein er soleis i denne saka ikkje i strid med reglar for direkte stønad.

Lindås kommune sitt næringsfond har som føremål å styrke og fremje kommunen sitt arbeid med næringsutvikling samt å fremje, styrke og profilere næringsliv og sysselsetting i kommunen. Vidare har fondet som målsetting å skape fleire nye verksemdar og arbeidsplassar, samt vidareutvikle eksisterande verksemdar i kommunen. Tiltaket «driftsstøtte til Industriutvikling Vest», vil sikra gjennomføring av både føremål og målsetting.

I fondets punkt 3 står det at stønad berre vert gitt til utviklingsprosjekt, og ikkje til direkte drift. I perioden 2011-2015 har dette prinsippet vert fråveke, då næringsfondet har vert nytta til eit slikt føremål. Ein tek sikte på å fråvike frå dette prinsippet i perioden 2017-2021 og, då det omsøkte prosjektet/tiltaket er av såpass unik, strategisk og prioritert karakter.

Lindås kommune vurderar det som viktig at IUV vert tatt opp i det nasjonale inkubatorprogrammet, og ønskjer å vera med som samarbeidspartnar for å sikra gjennomføring av ein ny periode. Rådmannen tilrår difor stønad til drift pålydande 150.000kr/årleg, totalt 750.000kr i perioden 2017-2021. Midlane vert tatt frå næringsfondet og punkt 3 i retningslinjene vert fråveke.